

## Referat frå drøftingsmøte med HTV og HVO

---

Møtetidspunkt: 16.1.2019 kl 10.00-12.00

Møtestad: Skjåk kommunehus, Bispen.

Desse møtte: Svein Holen (rådmann), Unnvald Bakke (kommunalsjef), Trude Teigen (rektor), Sigrun Eide (Delta), Stig Bergersen (Fagforbundet), Heidi B. Fallingen (Utdanningsforbundet), Rita Lyngved (hovudverneombod), Oddrun Kvalheim (CREO) og Elin Bakke (personalkonsulent)

### Bakgrunn

#### Vedtak i Skjåk kommunestyre - 20.12.2018

*Områder som har vesentleg auke på post kurs/opplæring må vurderast på nytt. Skule: budsjettet må dekke pedagognorma, midlar til § 1-4 i Opplæringslova og aktiv læring skal inn i budsjettet. Det bør ikkje seiast opp faste pedagogstillingar. Hovudutval HOO skal inn i budsjettet. Dette blir dekt inn innafør helse-, omsorgs- og oppvekstsektoren.*

Viser elles til utdrag frå økonomiplanen, side 8.

Rådmannen innleidde med å seie litt om bakgrunnen ut frå vedtak i kommunestyret. I innleiinga sa rådmannen litt om dei ulike rollene tillitsvalde og verneombod har i samband med arbeidet vi har framfor oss. Verneombodet si rolle er i hovudsak er å ivareta konsekvensar for arbeidsmiljøet for alle tilsette. Tillitsvalde si rolle er å bistå sine medlemmar i prosessen om nebemannig.

### Prosess

- Rådmannen gjekk gjennom referat frå møte 9.1.18, det var ikkje innspel til endringar i referatet.
- Kommunalsjef hadde eit innspel i starten av møte. Det ligg også i vedtak frå kommunestyret at vaksenopplæringa og flyktingtenesta skal nedbemanne, eit halvt årsverk på kvar, (tilsaman eitt årsverk).
- Rektor peikar på at det er mykje som er usikkert med tanke på det vidare arbeidet i skule.
  - o Det er uklart kor mange som skal på utdanning neste skuleår.
  - o Kva vil nye sakyndige vurderingar seie – behovet kan bli større.
  - o Tilsette har ein frist 1.2 på å kome med ynskje om endringar for neste skuleår. Dersom nokon ynskjer å slutte på pga alder kan dette få konsekvensar. Det kan også vere tilsette som ynskjer seg redusert eller større stilling.
  - o Det blir fem dagars skuleveke for 1. og 2. kl frå hausten 2019, dette kan få konsekvensar for SFO og organisering av dagen, kan føre til større kostnader.

- Vi gjekk gjennom gjeldande bemanningsplan for pedagogar og fagarbeidarar, denne var utarbeidd i samband med budsjettet haust 2018.
  - o Det er ynskt eit halvt årsverk ekstra til deling, styrking på it med to timar og åtte timar ekstra til framandspråk. Ingenting av dette vart det funne rom til i budsjettet for 2019.
- Rådmannen stilte spørsmål til kommunalsjef og rektor kor lang tid dei vil trenge til å utarbeide ein oppdatert bemanningsplan? Denne må syne på skilnaden på gjeldande bemanningsplan og korleis det vil bli frå august 2019. Rektor seier dei truleg ikkje vil ha denne klar før midten av februar.
- Det var i møte ein del drøftingar rundt kva som skal vere utvelgingsområde.  
**Konklusjon utvelgingsområde: skule, barnehage, vaksenopplæring, flyktingteneste og kulturskule.**
- Neste møte er 19.2, kl 10-12. Rådmannen kallar inn til neste møte.

Ref. Elin Bakke